



God jul!



Utgjeve av Sogndal kyrkjelege fellesråd

Redaktør: Hallgeir Øgaard Westli

Besøksadresse:
Stedjetunet 2. etasje,
Kyrkjevegen 6
6856 Sogndal

Bankgiro: 3705.19.42087

Postadresse:
Sogndal kyrkjelydsblad,
Postboks 180, 6851 Sogndal

Telefon kyrjekontoret:
57 67 99 85
e-post: post@sogndal.kyrkja.no

Heimeside:
www.sogndal.kyrkja.no

Grafisk:
printfarm.no

Kyrkjelydsbladet blir sendt til heimane i alle dei seks sokna i Sogndal kommune. Det er også mogleg å tinga bladet for dei som bur utanfor Sogndal.

Neste nummer av kyrkjelydsbladet kjem ut før påske, i starten av mars 2024. Stoff kan sendast til post@sogndal.kyrkja.no innan 19. januar.

Foto på framsida:

Stort bilete: St. Olafs kyrkje i Balestrand. Som i fjor, vert det også i advent 2023 open «julekyrkje» i engelskkyrkja med ein ny Kristus-profeti på lesepulten kvar dag. Foto: Magni Åm Risa

Lite bilete venstre: Julestjerne over Sognefjorden. Foto: Jostein Risa

Lite bilete høgre: Julemiddag. Foto: Jostein Risa

LEIAR:

JUL

Kvar er juletre? Kvar er pinnekjøtt? Kvar er julepynt og julegodt og juleduk?

Kvar er julelys? Kvar er julegraut? Kvar er fattigmann, smultring og berlinerkrans?

Eg er sikker på eg hadde det i går!

(Fritt etter Torbjørn Egner, «Røvernes letevis»)

I år skulle me ikkje stresse – men kvar vart det forsettet av? Julegåver, julemat, julevask og julepynt – alt skal på plass, helst i går. Det får meg til å hugse på Torbjørn Egners Kardemomme by og røvarane som rota og leita rundt etter tinga sine. Kanskje skulle me hatt ei Tante Sofie nokon kvar som ordna opp. Det er lett å falle inn i tralten med at «alt» skal vere på plass og ordna til jula set inn for alvor. Ingen er vel så glad i å vere seint ute.

Tenk om jula kunne spegla meir innhaldet enn all staffasjen rundt. For mange gjer ho det også heldigvis, og det at Gud kom til oss som eit lite barn og ynskte å vere blant oss betyr mykje. Det gir oss ein eigen tryggleik – Gud er her saman med oss, me er ikkje åleine.

I dette bladet finn du mykje ulikt stoff. Litt om det som har vore og litt om det som kjem. Resultatet av kyrkjevalet, fine bilete av konfirmantane, ei oversikt over gudstenester og arrangement som kjem, og ikkje minst ei julehelsing frå biskopen vår, Ragnhild Jepsen. Her skriv ho om ei strime av von og at jula er høgtida der vi feirar at vona vart gjeven til verda.

Eg håpar at jula kjem som ei strime av von til akkurat deg! God jul!

Venleg helsing

Jorunn Merete Haukås-Eide

Kyrkjeverje i Sogndal

Stoff og bilete til Kyrkjelydsbladet

Har du tatt bilete eller skrive noko som du ynskjer at vi skal ta inn i bladet?

Send det gjerne på e-post til post@sogndal.kyrkja.no innan stoffristen for kvart enkelt nummer.

Har du tips til noko i kan skrive om?

Ta gjerne kontakt med redaktør Hallgeir Øgaard Westli på e-post Hallgeir.Westli@sogndal.kyrkja.no eller telefon 94 00 38 34.

Utgjevsplan 2024

Nr 1-24: Påske. Stoffrist: 19. januar. Utgjeving i byrjinga av mars.

Nr 2-24: Sommar. Stoffrist: 3. mai. Utgjeving i midten av juni.

Nr 3-24: Haust. Stoffrist: 9. august. Utgjeving i slutten av september.

Nr 4-24: Jul. Stoffrist: 18. oktober. Utgjeving i byrjinga av desember.

Velkommen på julekonsertar i kyrkjene våre med lokale kor og krefter



- Sondag 10. desember kl. 15.00, Fjærland kyrkje
- Sondag 10. desember kl. 17.00, Tjugum kyrkje
- Onsdag 13. desember kl. 18.00, Leikanger kyrkje
- Sondag 17. desember kl. 16.00, Ølmheim kyrkje
- Sondag 17. desember kl. 16.00, Skogly, Kaupanger
- Sondag 17. desember kl. 19.00, Stedje kyrkje

«Julekyrkje» i St. Olavs kyrkje i Balestrand

I heile adventstida frå 3. til 24. desember er det open kyrkje i den julepynta engelskkyrkja i Balestrand sentrum. Kvar dag vert det lagt fram ein ny Kristus-profeti på lesepulten. Både små og store er velkomne innom.

Luciafrukost i Leikanger kyrkje 13. desember kl. 07.00

Luciadagen vert feira med frukost i kyrkja klokka sju om morgonen. Lucia-koret kjem inn i den mørklagde kyrkja og syng Santa Lucia og fleire songar. Me bed Herrens bøn og tenner lys. Så er det frukost med lussekattar, kakao, saft og kaffi. Både born, konfirantar og vaksne kan vere med i Lucia-koret og vi prøver å få til ei øving på førehand, sjå info på Facebook.



Stille kveld i desember og våren 2024

Stille kveld i Stedje kyrkje held fram våren 2024 kvar andre onsdag i månaden. Velkommen til ein stille halvtime med musikk, bøn og høve til lystenning.



- onsdag 13. desember kl. 19.00.
- onsdag 10. januar kl. 19.00
- onsdag 7. februar kl. 19.00
- onsdag 6. mars kl. 19.00
- onsdag 10. april kl. 19.00
- onsdag 8. mai kl. 19.00



Vi syng jula inn

Onsdag 20. desember kl 17.30 syng vi jula inn i Stedje kyrkje. Vi syng julesongar i lag, og får lytte til barnegospelene og gospelkoret Glimt som skal synge med oss.



Juletreffest i Stedje kyrkje 7. januar

Søndag 7. januar kl. 17.00 vert det tradisjonell juletreffest i Stedje kyrkje. Små og store er hjarteleg vel møtt!

Dei frivillige i Dåpsringen i Stedje er arrangørar.

Tid for tru – Balestrand, våren 2024

Mysteriet om himmelriket - Fem kveldar med MATTEUSEVANGELIET.

Fem måndagskveldar i kyrkjestova på Tjugum kl 19.00: 15. januar, 29. januar, 12. februar, 26. februar, 11. mars.

Kveldsmat, undervisning og samtale om tema. Sjå meir info og eventuelle endringar på heimesida www.sogndal.kyrkja.no/balestrand og på Facebook.

Kvardagstru – Stedjetunet, våren 2024

Ei stund for refleksjon, kunnskap og sosialt fellesskap knytt til tru og kvardag. Kvardagstru held fram våren 2024 og det er sett opp framlegg om fire onsdagar kl. 19.00 med to vekers mellomrom:

31. januar, 14. februar, 28. februar, 13. mars

Tema kjem. Sjå meir info og eventuelle endringar på heimesida www.sogndal.kyrkja.no/ og på Facebook.

Nytt frå fellesrådet

Så var jula her og julelysa skin både ute og inne, over gater, på husvegger og i vindauge rundt om. Kristus er lyset for verda, og det er fint å sjå all denne symbolikken over alt!

Status for kyrkjebygga mm

Som tidlegare år har me også i år fått utført mykje vedlikehald på dei gamle, fine kyrkjene våre. Dette håpar me er med på å bevare dei for framtida, samstundes som det skal gjere dei betre i bruk. Det er planlagt mange tiltak også i tida som kjem.

I **Fjærland** har kyrkja fått nye flaumlys og nytt lynvernanlegg. Kyrkja ligg på ei open slette og kan slik vere utsett for lynnedslag. Det var difor godt å få på plass eit lynvernanlegg for å sikre kyrkja mot dette. Flaumlysa var i dårleg stand, og ein har no fått skifta desse ut med LED-lys.



Nytt lynvernanlegg på taket på Fjærland kyrkje

I **Tjugum** kyrkje er det på plass nytt brannalarmanlegg med direkte varsling til alarmsentralen, og det er von om at eit nytt lydanlegg er på plass når du får dette bladet i handa. Lydanlegget håpar me skal gi alle ei betre oppleving av lyden i kyrkja.

På **Sæle** kyrkje er heile vestveggen måla, inkludert tårnet. Også reiskapshuset har fått litt måling og vedlikehald, noko som var gjort på dugnad.

På **Kvamsøy** kyrkje fekk me utført eit stort vedlikehaldsarbeid i fjor, og planen var å få kalka veggene utvendig i år. Usikkerheit kring noverande kalk og skadar gjorde til at me i staden fekk fagfolk til å gjennomføre eit forprosjekt til dette arbeidet, og kalkinga måtte utsettast til neste år.

I **Leikanger** kyrkje er orgelet renoverert og intonert så både lyd og klang er betre. I tillegg har me fått ferdigstilt oppgraderinga av el-anlegget, og ny hovudkabel er ført fram frå el-tavle ved sakristi og opp til underfordelar utanfor galleriet.

I **Stedje** kyrkje har me fått eit flott flygel. Meir om dette i neste utgåve av kyrkjelydsbladet. Flygelet er finansiert av gåvemidlar og tilskot frå bank og kommune. På Stedje kyrkje er det også utført mykje vedlikehald siste åra, eit arbeid som framleis pågår. Det meste av kyrkja er no nymåla, rotne bord er skifta ut, deler av taket er reparert, fleire vindauge restaurert og sideinngangen i sør har fått ny trapp og er heva i terrenget.

Ølmheim kyrkje står for tur for oppgradering av flaumlys og grusing av grusgangar. I året som



Vindauge i Stedje kyrkje

har gått har det vore utført noko beskjerjing av tre og vedlikehald av gravplassen på dugnad.

På **Kaupanger** fekk me på plass eit straumførande hjortegjerde i fjor, noko som eigentleg skulle vore eit sesongbasert gjerde som ikkje stod oppe i sommarhalvåret. Då det vart teke ned i mai viste det seg diverre at behovet for å ha det ståande oppe meldte seg raskt. Etter ny søknad har ein no fått løyve til å ha det ståande ein periode medan dette blir ytterlegare vurdert. Taket på stavkyrkja skulle vore tjørebreidd alt i 2022, men på grunn av mykje regn den sommaren var det uråd å få dette til. Prosjektet vart difor utsett til i år, men også denne sommaren har vore våt. I skrivande stund har me framleis eit håp om at det let seg gjere før snøen kjem. Nytt gravplassbygg og kyrkjestove er også eit prosjekt det har vore arbeidd med over tid. No er håpet at prosjektet kan bli lagt ut på anbod før nyttår, slik at ein kan kome i gang med riving og bygging til våren.

Representantar i Sogndal kyrkjelege fellesråd pr. 17.11.2023:

Representant frå Balestrand sokneråd	Hallbjørg Eidhamar
Vararepresentant frå Balestrand sokneråd	Rune Andersen
Representant frå Fjærland sokneråd	Anders Skarestad
Vararepresentant frå Fjærland sokneråd	Klara Heimlid Bøyum
Representant frå Kaupanger sokneråd	Dag Olav Osen
Vararepresentant frå Kaupanger sokneråd	Anne Haugen Hov
Representant frå Leikanger sokneråd	Signe Eikenes
Vararepresentant frå Leikanger sokneråd	Solveig Tveit Eggum
Representant frå Norum sokneråd	Karen Marie Hjelmeseter
Vararepresentant frå Norum sokneråd	Magne Ahlin
Representant frå Stedje sokneråd	Kirsti Møller Bruland
Vararepresentant frå Stedje sokneråd	Jorunn Furuheim
Geistleg representant	Vert peika ut av biskopen i Bjørgvin
Varamedlem for geistleg representant	Vert peika ut av biskopen i Bjørgvin
Representant frå Sogndal kommune	Var ikkje valt då bladet gjekk i trykken
Vararepresentant frå Sogndal kommune	Var ikkje valt då bladet gjekk i trykken
Sekretær med møte- og talerett	Jorunn Merete Haukås-Eide

Nytt fellesråd 2023-2027

Frå 1. desember trer det nye Sogndal kyrkjelege fellesråd i funksjon. Det består av ein representant frå kvar av dei seks nyvalde sokneråda med kvar sin personlege vara. I tillegg har fellesrådet ein representant frå kommunen og ein geistleg representant (sokneprest). Kyrkjevevja førebear mange av sakene til fellesrådet og møter fast i rådet som sekretær. Kven som vert ny leiar og nestleiar i fellesrådet vil verte kunngjort i neste utgåve av kyrkjelydsbladet, etter at rådet har fått konstituert seg.

Takk til dei frivillige

Året 2023 har vore eit valår og det har nok prega arbeidet på fleire måtar. Nye sokneråd og fellesråd er på plass no på tampen av året, og dei «gamle» råda takkar for

seg. Nye klutar skal drive arbeidet vidare, men heldigvis har me også nokre som har tatt attval slik at me får med oss noko kontinuitet. Det er alltid spennande å få nye personar med, og alltid like godt å ha med nokon som er drivne i arbeidet frå før. Mykje frivillig arbeid går kontinuerleg og uavhengig av val, og dette er me som kyrkje heilt avhengig av og so glade for. Kva skulle me gjort utan alle dei frivillige? Det er noko eg ikkje vågar tenkje på ein gong!

Medarbeidarfesten me som tilsette arrangerer kvart år, håpar me skal vere ei lita takk for all denne innsatsen alle dei frivillige legg ned gjennom året! No i haust samla me oss i Stedje kyrkje 20. september og hadde ein kjekk kveld saman med program og litt å bite i. Som alltid med godt humør og litt «lått og løje»!



Takk igjen for den uvurderlege innsatsen de alle legg ned! Med ynskje om ei god jul og eit godt nytt år til dykk alle!

Venleg helsing
Sogndal kyrkjelege fellesråd

Jorunn Merete Haukås-Eide
Kyrkjevevja i Sogndal

Kyrkjevalet 2023

Kyrkjevalet gjekk av stabelen samstundes med fylkes- og kommunestyrevalet 11. september. I Tjugum, Stedje og Kaupanger kyrkjer var det også høve til å røyste søndag 10. september i samband med gudstenestene der.

Mange frivillige valfunksjonærar var i sving i samband med valet, og me vil takke dei så mykje for jobben dei gjorde.

Vi ser denne gongen ein nedgang i oppslutninga om kyrkjevalet, noko som også er ein nasjonal tendens. At den største nedgangen kom i Norum sokn (nesten halvering) kan truleg forklarast med at Norane som valkrins vart lagt ned under stortingsvalet for to år sidan. Det førte til at veljarane måtte ta seg inn til kommunehuset i Sogndal for å kunne stemme på valdagen, der Norum og Stedje sokn hadde felles vallokale, noko som var ei ny erfaring for oss.

Dette er også det første kyrkjevalet i Balestrand sokn i den samanslegne kommunen. Soknegrensene vart endra i samband med kommunesamanslåinga, då Nessane gjekk til Høyanger sokn. Fjordane valkrins vart på lik linje med Norane lagt ned for to år sidan, slik at det denne gongen var ein valkrins for heile Balestrand.

Førehandsrøysting – også digitalt
Perioden for førehandsrøysting var frå 10. august til 8. september og det var høve til å røyste på kyrkjekontora og institusjonar. Det var også førehandsrøystingar i kyrkjene i samband med ei gudsteneste i alle sokn i denne



Ved kyrkjevalet har alle medlemmer i Den norske kyrkja røysterett frå og med det året dei fyller 15 år. Mathias Kyrvestad (15) nytta stemmeretten sin i Balestrand. Valfunksjonærar: Kristi Tjoflaat Miconi, Helge Eilifsen, Marit Vannes.
Foto: Jostein Risa

perioden. Heilt nytt ved kyrkjevalet i 2023 var at det var høve til å førehandsstemme digitalt heimanfrå, ei løysing som fekk god oppslutnad. I høve at Norane var nedlagt som valkrins, kan vi merke oss at Norum er det soknet med prosentvis flest digitale

førehandsrøyster av det totale røystetalet, i lag med Stedje: I begge desse sokna var 44 prosent av røystene avgjevne digitalt på førehand.

*Jorunn Merete Haukås-Eide
og Jostein Risa*

Prosentvis valdeltaking ved dei siste kyrkjevala

Tabellen viser kor mange prosent som stemte av dei som har stemmerett.

Sokn	2011	2015	2019	2023	Andel digitale stemmer
Balestrand	31 %	32 %	27 %	18 %	39 %
Fjærland	52 %	59 %	54 %	44 %	6 %
Kaupanger	27 %	31 %	28 %	25 %	14 %
Leikanger	23 %	25 %	19 %	14 %	33 %
Norum	30 %	28 %	29 %	16 %	44 %
Stedje	12 %	16 %	10 %	9 %	44 %

Dei nyvalde sokneråda i Sogndal

Frå 1. november er dei nye sokneråda i funksjon. Ikkje alle råda er ferdige med konstitueringa, men vi oppgjev her dei verva vi har plass til av dei vi har fått. Leiar og nestleiar er valt for eitt år om gongen.

Representant i fellesrådet (FR) er valt for fire år.
MERK: Medlemene er sorterte etter røystetal i valresultatet.

Balestrand sokneråd

Kristin Haugen Eilifsen	LEIAR
Hallbjørg Eidhamar	Repr. i fellesrådet
Ole Eilifsen	Sekretær
Karen Marit Meisingset	Kasserar
Rune Andersen	Vara i fellesrådet
Kjersti Brudvik	Nestleiar
Monica Bondevik Dale	1. vara
Ida Alte	2. vara
Yonas Ghilamical Ghebre	3. vara
Marit Beathe Kyrvestad	4. vara

Fjærland sokneråd

Marit Fredrikke Henningsen	Skrivar. Kyrkjel.blad
Torill Slethaug	Permisjon
Anders Skarestad	Repr. i fellesrådet
Margrete Johanna Øygard	LEIAR
Sigrun Irene Lidal	Nestleiar. Diakoniutv
Grete Mundal	Kasserar. Vara TOL
Klara Heimlid Bøyum	1. vara. Vara FR. Vara diak.
Jøran Skeide	2. vara
Jan Tore Solberg	3. vara. TOL-utval.
Einar Supphellen	4. vara
Sven Bjåstad	5. vara

Kaupanger sokneråd

Dag Olav Osen	Nestleiar. Repr. i FR
Per Henning Nybø	Kasserar
Einar Skeie	LEIAR
Tone Næsje Sætre	Sekretær
Anne Haugen Hov	Vara fellesrådet
Tommy Skjerven	Medlem
Judith Vestreim	1. vara
Kari Vadheim	2. vara
Ottar Lægreid	3. vara
Britt Elin Yttri	4. vara

Leikanger sokneråd

Signe Eikenes	LEIAR. Repr. i FR
Hilde Njøs	
Espen Sæterbø	Nestleiar
Eli Marita Vik Næss	
Solveig Tveit Eggum	Skrivar og Vara FR
Grete Offerdal Jakobsen	
Ove Bukholm	1. vara. Kyrkjelydshus
Grete Hamre	2. vara
Elisabeth Bernhardsen	3. vara
Tone Britt Myreng	4. vara

Norum sokneråd

Heidi Fondenes	Skrivar. Diakoniutv.
Magne Ahlin	Nestleiar. Vara FR.
Karen Marie Hjelmseter	LEIAR. Repr. i FR
Nina Kathrin Slinde	TOL-utval
Gunnhild Øvretun	Kasserar
Merete Husabø Nornes	Vara diakoniutval
Oddny Anette Haugen	1. vara. Vara TOL
Sveinung Sætre	2. vara
Rune Haug	3. vara
Per Magne Fimreite	4. vara

Stedje sokneråd

Guri Høstaker Nordheim	Sekretær
Jorunn Furuheim	Vara i fellesrådet
Marta Fimreite	LEIAR
Sigfred Stenehjelm	Nestleiar
Kirsti Møller Bruland	Repr. i fellesrådet
Rolf Arvid Leirdal	
Kirsti Lunde	
Jan Helge Løvik	
Grete Katrin Sønnesyn	1. vara
Britt Hovland Selseng	2. vara
Laila Ruggesæter Loven	3. vara
Edel Dagny Olstad	4. vara
Tom Ingar Hauståker	5. vara

Mange oppgaver å ta tak i for nytt sokneråd

Det nye soknerådet vil ikkje vera arbeidslause dei fire neste åra, men å få bygd toalett og bårehus vil vera ei særskild viktig oppgave for det nyvalde soknerådet.

Manglande toalett ved Leikanger kyrkje har vore ein attergangar for fleire sokneråd i Leikanger. – Det er ei sak me må ta tak i, seier Signe Eikenes, som er attvald som leiar i Leikanger sokneråd. Ny nestleiar er Espen Sæterbø.

Meiningsfylt

Tysdag 31. oktober var det avtroppande og det nye soknerådet samla til møte. Dei fekk sjå ein opplæringsfilm om kva oppgaver dei har.

– Det har vore kjekt og gjevande å vera med i soknerådet. Me har hatt fine møte og det har vore ein god tone, seier Eli Marita Vik Næss, som er valt til nye fire år i soknerådet.

– Kva trengst av oss i soknerådet? Me har faste oppgaver, men det kan vera fint å laga ein aktivitetskalender me kan bruka i året, seier Åse Kongsvik som no går ut av soknerådet etter fire år.

Strategi

Medlemer skal i haust delta på kurs om kva oppgaver og ansvar det er å vera medlem i soknerådet. Kurset er på Lyngmo og er felles for fleire sokneråd. – Lærerikt og me vert kjende med medlemer i andre sokn, og lærer også korleis dei arbeider, seier Signe Eikenes.



Attvald: Signe Eikenes sa seg villig til å ta eit nytt år som leiar i Leikanger sokneråd.

– Eg er oppteken av rommet her i Kyrkjelydshuset. Det er tungt, seier Hilde Njøs, og er utolmodig etter å få gjort noko med det. Både akustikken og lys er dårleg.

Val

Signe Eikenes tok attval for eit år som leiar, og Espen Sæterbø vart valt til nestleiar. Signe Eikenes er òg medlem i Fellesrådet. Solveig Tveit Eggum er valt til skrivar.

Ove Bukholm er vald som medlem av husstyret for Kyrkjelydshuset.

Det nye soknerådet:

Signe Eikenes, Hilde Njøs, Espen Sæterbø, Eli Marita Vik Næss, Solveig Tveit Eggum. Grete Offerdal Jakobsen, Vara: Ove Bukholm, Grete Hamre, Elisabeth Bernhardsen og Tove Britt Myreng.

I Leikanger sokn var valdeltakinga på 14 prosent.

Sigrud Svartefoss
Tekst og foto



Gamalt og nytt: Det nye og utgåande Leikanger sokneråd samla til møte. Frå v.: Espen Sæterbø (ny), Ove Bukholm (ny), Ida Jørstad Røysum, Solveig Tveit Eggum (ny), Signe Eikenes (attvald), Tove Stensås, Åse Kongsvik, Eli Marita Vik Næss (attvald), Hilde Njøs (ny), Grete Hamre (ny), Tore Oddvin Stølen og Grete Offerdal Jakobsen.

17.000 personar

har vitja Den engelske kyrkja



Med dragehovuda kan St. Olavs-kyrkja minna om ei stavkyrkje. Til denne særmerkte kyrkja kjem turistar frå heile verda.

Veneforeininga installerte i sommar ein teljar for å registrera kor mange som vitja kyrkja. Det var ei uventa overrasking.

– Me visste at det er mange som er innom kyrkja i om sommaren, men ikkje at det er så mange som vitjar kyrkja vår. Fantastisk moro å få dokumentert at vel 17.000 har passert teljaren. Eg var litt førebudd, men me hadde ikkje trudd det ville vera så mange, seier Erland Fagermoen, leiar i veneforeininga for Den

engelske kyrkja (St. Olaf's Church) i Balestrand.

Idé frå Lærdal

Teljaren kom på plass 24. juli, og fram til 9. august hadde det vore ca. 6.000 innom kyrkja. Og 1. oktober månad viste teljaren at 17.000 personar er registrerte å ha vore inne i kyrkja.

– Men her er nok personar som kan vera talde fleire gonger, seier Fagermoen.

– Kvifor monterte de teljar i kyrkja?



Ei glede: – Eg har mange og gode samtalar med mange av turistane som søkjer til kyrkja, seier Joanna Udal.

– Ein medlem i styret var inne på Kongevegen i Lærdal, og der har dei sett opp teljar. Dei fortalde at me burde ha ein teljar i Den engelske kyrkja òg. Slik fekk me idéen, og det er moro for oss òg å vita kor mange som er inne i kyrkja.

– Kva skal de bruka dette til?

– Det kjem sjølvstyk med i årsmeldinga, seier Fagermoen.

Ei stor glede

I sommar har Revd Canon Joanna Udal, Senior Chaplain, Anglican Chaplaincy in Norway gjort teneste i kyrkja.

– Å vera her i Balestrand er meg ei stor glede. Eg møter mange turistar som fortel kor godt det å koma inn i kyrkja. Me lever i ei tid med ufred. Nokre fortel dei kjem her for å søkja ro og fred i ein hektisk kvardag, andre vil sjå og ta bilete av det vakre interiøret i denne særprega kyrkja, medan andre kjem til gudstenester. Det kan me lesa i dei mange helsingane i gjesteboka, fortel Udal oppglødd.

Gode samtalar

Ho fortel at det kan vera hektiske dagar, medan det andre dagar er heller roleg.

– Eg møter personar som kanskje reiser aleine. Då er det godt å møta nokon å snakka med, eller dei berre ynskjer å sitja i kyrkjebenken og søkja ro, fortel Udal. Ho fortel det har vore mange og gode samtalar med turistar som kjem. Det kan vera kortreiste turistar eller andre kan koma t.d. heilt frå Australia. St. Olaf-kyrkja er ei av dei få anglikanske kyrkjene i Noreg, og soknar til Diocese in Europe – Det europeiske bispedømet i Church of England. Framleis fyller dette bygget viktige funksjonar i ei turistbygd. Ho er ei kyrkje både for reisande og fastbuande.



Kvinna bak: Biletet av Margaret Green Kvikne heng på veggen lika innafor kyrkjedøra.

Glasmåleria: I koret over alteret er det ni vakre glasmåleri av helgenar. Altertavla er måla av Emma Pastor Normann, som hadde sommarhus og var ein av kunstnarane som heldt til i Balestrand. Ho var dotter til målarar Adelsten Normann.





Interiør: Her eit biletet som viser dekorasjon på kyrkjevegger.

Vedlikehald

Styret for kyrkja investerte over to millionar kroner då tårnet måtte vølast på grunn av roteskader.

– Hadde me ikkje vølt tårnet, hadde ikkje tårnet overlevd Dagmarstormen. No er det inngangspartiet som står for tur å lekta opp. Skiferen på taket har lege sida kyrkja vart bygd, og det er alltid noko skifer som losnar. Før eller sidan må me ta skifertaket. Kyrkja har hatt 125 års-jubileum, og det er alltid noko vedlikehaldsarbeid som må gjerast, seier Erlend Fagermoen.

Historia bak

Når du går over dørstokken til denne spesielle kyrkja, får stilen til å minna om ei stavkyrkje. – Ei gripande soge ligg bak at denne særprega kyrkja vart bygd her i sentrum av Balestrand, seier Udal. Ho viser biletet av den engelske prestedottera Margaret Sophia Green, som er årsaka til at det i Balestrand finst ei kyrkje som du ikkje finn andre stader. Prestedottera skal ha hatt to

hovudinteresser; kyrkjer og fjell. Ho kom til Noreg for å klatra. Margaret var ein kvinneleg pioner innan klatresporten. Det var fjella som gjorde at ho kom til Balestrand. «Under det første opphaldet i Noreg i 1886 klatra ho det stupbratte Romsdalshorn til topps. På den tida var det berre éi som hadde gjort denne bragda før henne, Mrs. Slingsby», kan me lesa i boka «På kyrkjeferd i Sogn og Fjordane».

Gnistra

I 1888 er ho attende i Noreg, og i årboka til Den norske turistforeining for same år skriv ho om bestigninga av Store Styggedalstind – den fjerde høgste fjelltoppen i Noreg. Dette er første gong ei kvinne signerer ein artikkel i denne årboka. Kanskje eit teikn på at Margaret representerte eit nytt kvinneideal med handlekraftige og sjølvstendige kvinner. Den unge hotellverten Knut Kvikne dreiv Kvikne Hotell saman med broren Ole. Knut var òg

oppteken av fjella. Margaret møtte han og kom til Balestrand i 1988. Det gnistra skikkeleg mellom dei to, og sommaren 1889 kom ho til Balestrand att. I 1892 gifte dei to seg. Men Margaret fekk tuberkulose, og i 1894 døydde ho.

Draumen om ei engelsk kyrkje «Då Margaret låg på det siste, lova Knut at det skulle byggjast ei anglikansk kyrkje i Balestrand. Og som Johs. B. Thue skriv: Og Knut lova og Knut heldt ord», skriv Helge Eilifsen i kyrkjelydsbladet i samband med 125-års jubileet. Knut brukte ikkje lang tid på å oppfylla draumen. Broren Ole gav ein parsell av eigedomen til ei kyrkje. Dei to amerikanske kvinnene, Gertrude Abbot og Elisabeth Winslow Peters, som var årvisse gjester i Balestrand, gav store pengegåver, og alt 18. juli 1897 vart kyrkja vigsla.

Sigrid Svartefoss
Tekst og foto

Profetiar om Messias i Det gamle testamentet

Adventstida handlar om å venta

For 2000 år sidan venta det jødiske folket på Messias. Det gamle testamentet fortalde om ein frelsarkonge som skulle koma. Det var desse orda som gav grunnlaget for forventingane som det jødiske folket hadde.

Folket gjekk no i venting. ... Johannes sa: «Det kjem ein som ... skal døypa dykk med Den heilage ande og eld.» (Luk 3, 15 - 16)

Då Jesus byrja med gjerninga si, oppdaga dei litt etter litt at Jesus oppfylte profetiane om Messias i Det gamle testamentet:

Andreas, bror til Simon Peter, var ein av dei to som hadde høyrte det Johannes sa, og hadde følgd etter Jesus. Han finn først bror sin, Simon, og seier til han: «Vi har møtt Messias» (Joh 1, 40 - 41)

Her er nokre avsnitt frå Det gamle testamentet som fortel om Messias. Det er eit lite avsnitt for kvar dag i adventstida. Dei gjev oss djupare forståing for kven han er,

- han som er Herre i fortid, notid og framtid,
- han som kom, - som kjem, - og som skal koma.

God adventstid!

Kjetil Netland
Sokneprest i Balestrand



© Magne V Kristiansen. adfontes.no

1. s i adventstida	03. des	Jesaja 61, 1-4
må	04. des	Jes 53,1-5
ty	05. des	Jes 2, 2-5
on	06. des	1. Mosebok 15, 1-6
to	07. des	Salme 118, 21-26
fr	08. des	Sakarja 9, 9-10
la	09. des	Salme 33, 18-22
2. s i adventstida	10. des	Jes 65, 17-19
må	11. des	Salme 96, 10-13
ty	12. des	Jesaja 12, 1-6
on	13. des	Jes 60, 1-3
to	14. des	Jes 49, 1-6
fr	15. des	Salme 24
la	16. des	Jesaja 42, 1-4
3. s i adventstida	17. des	Jesaja 40, 1-5
må	18. des	Jes 35, 1-10
ty	19. des	Jes 52, 7-10
on	20. des	Salme 72
to	21. des	Sefanja 3, 14-18
fr	22. des	Jesaja 40, 6-11
la	23. des	Mika, 5, 1-4
Julaftan	24. des	Jes 9, 2-7
Juledag	25. des	Ordtaka 8, 1-2 og 22-31

Konfirmantane i Balestrand



Konfirmasjonar i Sæle kyrkje 30. april og i Tjugum kyrkje 13. mai.
Framme frå venstre: Elisabeth Feten, Linea Aaland Linde, Olivia Meel Lunde, Emilija Kynaite, Madeleine Kleppe Holgersen, Janne Klara Silva Høydal, Maiken Hatlestad Hellenes.
Bak frå venstre: Martin Holskar (konfirmantlærar), Bendik Bøthun, Kurt Nikolai Miralles Dale (Sæle 30.4), Kristoffer Stokkebø, Mathias Kyrvestad, Johannes Heier, Leander Lillehaug Thorsnes, Robin Rendedal Mundal (Sæle 30.4), Eirik Fuglestad, Kjetil Netland (sokneprest).
Fotograf: Jostein Risa

Konfirmantane i Fjærland



Konfirmasjon i Fjærland kyrkje, 28. mai 2023.
Frå venstre: Linnea Bøyum Haugen, Styrk Supphellen Solsvik, Vebjørn Orheim Mundal og vikarprest Helge Torstad.
Fotograf: Siv Jane Rauboti

Konfirmantane i Leikanger



Konfirmasjonar i Leikanger kyrkje 27. og 28. mai.

Framme frå venstre: Andreas Danbolt (ungdoms-prest), Emilie Havnen Borlaug, Andrea Amundsen, Maja Rydningen Hamre, Emilie Tangen Mo, Vegard Bondevik Lie (sokneprest). **Andre rekke frå venstre:** Konfirmantlærar Anita Instefjord, Maria Louise Pedersen, Elinde Natchanan Røen, Anniken Sofie Nornes, Celina Fredriksen Fimreite, Carina Norum Husabø.

Tredje rekke frå venstre: Noah Borlaug Stølen, Eivind Fosse Fidjestøl, Christoffer Amundsen, Tarjei Ulveseth Odd, Nathaniel Mathias Karlsen Johansen. **Fjerde rekke frå venstre:** Olav Brudvik Sunde, Jonas Linde, Brede Villand Alme, Milian Asperanden Hauge, Arin Asperanden Navarsete. Ikkje til stades: Lars Martin Olsen Elvheim og Sebastian Blindheim-Hansen. Fotograf: Ørjan Talle

Konfirmantane i Kaupanger sokn



Konfirmasjonar i Kaupanger stavkyrkje 18. og 20. mai.

Framme frå venstre: Malin Settevik Midtgård, Natalie Neraas Teigen Tilde Dahl-Tørnes, Sina Åmot Alme, Vilde Birkeland Meisterplass, Linnea Moen Bjørnethun, Emilie Eckhoff. **Andre rekke frå venstre:** Gitte Therkelsen Torstad (diakon), Theodor Furnes Vestreim, Julia Vedvik, Selma Løkkebø Vedvik, Synnøve Teigen Jensen, Kaja Hauståker, Bertine Rognstad Ness, Ida Molland Menes, Lemone Løland, Andreas Aas. Leon Tveito, Astrid Bondevik (prest). **Tredje rekke frå venstre:** Arn David Rosvold, Åsmund Berge, Niclas Høgheim Olstad, Mathias Vedvik, Jonas Aasen Engebø, Harald Lund, Marcus Hjellevat Bjørk, Andreas Menes Lunde, Jarle Olafsen Fretland, Emil Ekrene Haukås, Daniel Moldestad Eineteig, Henrik Nondal, Troy Rønning, Andreas Danbolt (ungdomsprest). Fotograf: Ørjan Talle

Konfirmantane i Stedje sokn



Konfirmasjonar i Stedje kyrkje 13. og 14. mai.

Framme frå venstre: Emma Nesvoll, Tuva Stentvedt Kvigne, Vilde Lærum Fardal, Maia Gustavsen Nes, Emma Bøyum, Stina Ruud Flatane, Ida Sætrehaug Stedje, Frida Næss-Olesen, Martine Lorentzen Brenden, Hanne Hollekve, Gitte Therkelsen Torstad (diakon).

Andre rekke frå venstre: Helge Torstad (prest), Iselin Lashmi Peter, Rejina Philip, Emma Øyri Thue, Vilma Hoff-Dalsøren, Nathalie Høgi, Mari Hov Heggstad, Maja Veum Tuftene, Karoline Hazel Skjeldestad, Viljar Langeteig.

Tredje rekke frå venstre: Andreas Danbolt (ungdomsprest), Kasper Røysum Petty, Lars Ove Kusslid, Lukas Lemvik Vigdal, Elias Svedal Flo, Erik Loftesnes Harjo, Mathias Fredheim Dahl, Theo Ruud Westgård, Mathias Træland Navarsete, Sander Bergsvik Kvam, Ivar Engeset.

Fjerde rekke frå venstre: Patrik Øygard Ølnes, Espen Skarsbø Moum, Daniel Seglem Hovgaard, Asbjørn Svedal Hatle, Kjell Alexander Kvam, Marius Høgi Nes, Linus Vikheim Sætre, Adrian Bøthun Olsen, Marcus Johannes Relling Trettenes, Kristian Johannessen Nord, Thomas Leikanger Gjerdalen, Jonas Henjesand Sætre, Eskil Elvagjeng, Even André Bjørk, Leon Bäckström Vikdal. Fotograf: Ørjan Talle



Konfirmantane i Norum



Konfirmasjon i Ølmheim kyrkje 7. mai.

Frå venstre: Sokneprest Vegard Bondevik Lie, Sigurd Løkø Ylvisåker, Elisabeth Nornes, Nicolai Myklemyr Robøle, Stine Gustavsen Fimreite, Konfirmantlærer Anita Instefjord.
Fotograf: Ingunn Løkø

Nokre glimt frå kyrkjene våre



Det var godt besøkte hausttakkegudstenester 1. oktober i Ølmheim kyrkje, Leikanger kyrkje og Stedje kyrkje. Borna leita etter – og fann – det forsvunne lammet Krølle. Flinke konfirmantar deltok i dramatiseringa. På biletet frå Stedje ser vi born frå Stedje barnehage som syng. Nede til høgre nokre bilete frå gospelgudstene 22. oktober i Ølmheim kyrkje der Damedn, gospelkoret Glimt og «Husum band» deltok med Ottar på trommer og son Helmer på bass. Midt på sida ser vi 6-åringar i Balestrand som har fått barnebibel ved gudstene i Tjugum kyrkje 10. september.



Trusopplæringstiltak i Fjærland, Kaupanger, Leikanger, Norum og Stedje sokn vinteren og våren 2024

For fleire tiltak sjå nettsidene våre www.sogndal.kyrkja.no/TOL.

Babysong for 0-åringar.

Kaupanger bedehus og Stedjetunet har babysong annakvar onsdag, medan Leikanger kyrkjelydshus har babysong annakvar torsdag. Datoane vert kunngjort på heimesida, i Kva skjer-appen og på Facebook-gruppa Babysang i Sogndal.



Småttrolltrall for 1-3-åringar

Me møtest kvar tredje torsdag på Stedjetunet 17.15 til 18.15 for song, regler, lek, kjeks og frukt. Ta gjerne med familien. Datoane kjem på heimesida og i Kva skjer-appen. Kanskje oldemor har lyst å vere med også?



4-årsbøker og Sprell Levande gudsteneste med 5-åringane 3.mars.

I alle sokna vert fireårsbøkene delt ut på hausttakkefestane. Sidan Stedje sokn er så stort, deler me fireårskullet i to, og inviterer første halvår av 2020-kullet til SPRELL LEVANDÉ gudsteneste i lag med 5-åringane til våren. Følg med på nettsida vår. Om din fireåring ikkje har fått boka si i 2023, kom innom Kyrkjekontoret på Stedjetunet og hent med dykk ei bok!



6-årsbok og arbeidshefte:

1: 7.april i gudstenesta kalla «PÅSKEFEST FOR ALLE»

- Ølmheim Kyrkje kl. 11.00 (seksårsbok og arbeidshefte)
 - Leikanger kyrkje kl. 17.00 (seksårsbok)
- 2: 16. juni kl. 12.00 i Fjærland kyrkje; blomstergudsteneste, der borna er inviterte til blomsterplukking og song frå kl. 11.30. (seksårsbok og arbeidshefte)
- 3: Stedje og Kaupanger har utdeling på skulestartgudstenesta (seksårsbok og arbeidshefte). Leikanger har også skulestartgudsteneste der me deler ut arbeidsheftet.



Om din seksåring ikkje har fått boka si i 2023, kom innom Kyrkjekontoret på Stedjetunet og hent med dykk ei bok!

Tårnagentdag for 8- og 9-åringar 27.april!

Følg med på heimesidene våre!

Oppdagingsferd i kyrkja, med tårnbesøk og hemmelege spor, mat og kjekke oppgåver. Dette gler me oss til, og håpar å treffe mange nyfikne agentar. Det vil kome invitasjonar i posten til dei som er medlem eller trusopplæringsabonnentar, men andre i aldersgruppa er også velkomne. Me opnar for påmelding på nettsida vår, og det vil vere ein påmeldingsfrist. FØLG MED!



11-årsbøker:

Kvart år deler kyrkjelydane ut «BIBELEN, ei vandring gjennom den store forteljinga» til 11-åringane.

4. februar:

- Kl. 11.00 Ølmheim kyrkje
- Kl. 11.00 Stedje kyrkje: Fellesgudsteneste for Stedje og Kaupanger sokn. (11-åringane i begge sokn vert inviterte).
- Kl. 17.00: Leikanger kyrkje.

11.februar:

- Kl. 11.00 Fjærland kyrkje.



24. mars, PALMESØNDAG:

PÅSKEVANDRING FOR HEILE FAMILIEN PÅ KAUPANGER

Me startar ved Kaupanger bedehus kl. 16, og avsluttar i Kaupanger stavkyrkje.



VIL DU SOM VAKSEN BIDRA MED NOKO I TRUSOPPLÆRINGA?

Konkrete ting du kan gjere:

- Bake bollar.
- Vere tilstades som ein trygg vaksen person.
- Leie samlingar eller grupper. Til dømes søndagsskule, samtalegruppe for tweens, konfirmantar eller eldre ungdommar.
- Komme med gode idear på ting me kan gjere for barn og unge i kyrkjelydane våre.
- Bidra praktisk på babysong, småttrolltrall, engleverkstad, tårnagent, lys vaken eller anna.

Det er eit utruleg givande og fint arbeid, og me ynskjer at fleire skal få ta del i denne delen av å vere kyrkje i Guds rike.



Er det noko du lurar på om trusopplæringstiltaka våre, eller du noko du ynskjer å bidra med? Ta kontakt med trusopplærarane våre.

Birte Husum (Stedje, Leikanger, Kaupanger, Norum og Fjærland). Tlf.: 947 98 799, epost: birte.husum@sogndal.kyrkja.no

Magni Åm Risa (Balestrand). Tlf.: 466 97 476, epost: magni.risa@sogndal.kyrkja.no

For meir informasjon om ulike trusopplæringstiltak i våre kyrkjer, sjå www.sogndal.kyrkja.no/TOL.


Du finn oss og på Facebook: Kyrkja i Sogndal og Trusopplæring – Kyrkja i Sogndal.



BARNAS

Prikk til prikk

Trekk ein strek frå 1 til 2 og så vidare. Kva skjuler seg her?



Hjelp dei vise menn!

Hjelp dei vise menn å finne vegen til det vesle Jesus-barnet.



Vits


- Kan eg få ein hund til jul, pappa?
- Nei, i år blir det ribbe, som vanleg!

Fargelegg!



Teikning: Alessandro Coppola og Lorenza De Luca

Finn fem feil!




Her er Jesus, Maria og Josef. Dei to bileta er nesten like. Finn du dei fem feila på biletet til høgre?

Teikning: Alessandro Coppola og Lorenza De Luca

Gje barnebladet Barnas til eit barn du er glad i!

Desse oppgåvene er henta frå bladet.

Bestill abonnement på sondagsskolen.no eller 22 08 71 00



Søndagsskolen - mer enn du tror

Trusopplæringstiltak i Balestrand sokn vinteren og våren 2024

For fleire tiltak sjå nettsidene våre www.sogndal.kyrkja.no/TOL.

Babysong/ småbarnstreff (0-3 år):

Velkommen til prat,
song og føremiddagsmat
på Helsestasjonen
kl. 10.30-12.00 **måndag**
8. januar, 5. februar og
4. mars. Følg gjerne
Facebook-gruppa *Balestrand babysong* eller
ta kontakt direkte med kyrkjelydspedagogen
(466 97 476).



Går du på ungdomskulen eller på vgs er du
hjarsteleg velkomen på **UNGDOMSKVELD** på
Sygna 1. desember kl. 19.30- 24.00.

Det blir kjekke aktivitetar, spennande møte
med «Djengis Jan», ungdomsband, kiosk og
god stemning!

I tillegg til trusopplæringstiltaka arrangerer
frivillige lag og organisasjonar mange gode
og kjekke aktivitetar for born og unge med
rom for å vekse i trua.

Velkomen på blant anna:

- **Spiren (3-7 år) og Addis (8-13 år)**
kl. 17.30-19.00 onsdag i partalsveker (haust)
og oddetalsveker (vår)
- **KRIK (14-20 år)** kl. 16.30-18.00 kvar fredag
- **Kveldsmøte** i møtesalen på Sygna vgs
kl. 20 kvar torsdag.

Har du spørsmål eller innspel til noko
av dette, eller du berre ynskjer ein prat,
ta kontakt med kyrkjelydspedag og
ungdomsdiakon Magni (466 97 476).

**Adventssamling for
småbarnsfamiliar
(0-5 år)** i St. Olafs
kyrkje **tyrsdag 5.
desember** kl. 17.30.
Julekrubbe, song og
gåver til borna.



Minikonfirmasjon for 5. klassingar våren 2024:

Samlingar i Kyrkjestova
rett etter skulen **tyrsdag**
16/1, 30/1, 13/2 og
27/2. Gudsteneste med utdeling av Bibel
i Tjugum **21/1** og diplom i Tjugum **3/3.**
Minikonfirmanthelg på Alværa (Lavik)
saman med minikonfirmanter frå andre
sokn 19.-21. april. Påmelding til Magni
(466 97 476) innan 11. januar.



Velkommen på Nestenåring (5.-8. klasse) på
Bedehuset kl. 18.00-20.00 **fredag 12/1, 9/2,**
8/3, 5/4, 3/5 og 7/6.

**Alle som går på ungdomsskulen er hjarteleg
velkomne på Samtalegruppe** annakvar
onsdag kl. 20.00-21.30 heime hos familien
Risa i Fjærestad 42. Vi et saman, pratar om
liv og tru, utforskar Bibelen og blir betre
kjende med Gud og kvarandre.



Misjonstur i vinterferien 2024

Som kyrkjelydspedagog og ungdomsdiakon har eg eit ansvar for å
inspirere og styrke barn og unge sitt trusliv. Eg trur at for å utruste
ungdommane våre til ei livslang, levande tru, må vi gje dei alders-
tilpassa utfordringar og personlege erfaring med trusliv og misjon.
Dette skuleåret inviterer eg difor lokale ungdommar i alderen 13 til 20
med på ein misjonstur der dei kan få førstehandserfaringar med
formidling av evangeliet i ord og handling.

I samarbeid med Ungdom i Oppdrag (UiO) Skien og lokale kyrkjelydar i
Montenegro er vi allereie i gang med å utarbeide eit program for vinter-
ferien 2024 (fredag 15. februar - søndag 3. mars). Med base i byen Niksic
skal vi, saman med andre kristne ungdommar, delta i praktisk hje-
pearbeid, evangelisering, matutdeling og skulebesøk samt arrangere
ulike ungdomsarrangement. Det vert også fellessamlingar med
lovsong og bøn for området.

Turen kostar 10 000,- per person (reise, opphald, mat/losji, lokal
transport). I tillegg kjem reisa tur-retur Bergen. For at det skal vere
mogeleg for lokale ungdommar å delta, håpar eg på støtte og hjelp frå
organisasjonar og einskildpersonar som har tru på prosjektet. Dette er
ei investering i framtida. Gevinsten er engasjerte og grunnfesta ung-
dommar som kan bidra lokalt, nasjonalt og verte inspirerte,
og kan inspirere andre, til verdsvid misjon.

Er du i målgruppa og ynskjer å vere med eller veit du om nokon
som er det? Eller ynskjer du å vere med å støtte prosjektet i bøn
eller økonomisk?

Ta kontakt med Magni Åm Risa,
kyrkjelydspedagog i Balestrand (466 97 476)

Eit barn er fødd

Familien på åtte bur i ein skiten kjellar på niande året etter at dei flykta frå Syria til Libanon. Åtte år gamle Mohamad har alle odds mot seg.

I det vi går inn i den nedslitne bygarden, byrjar vi å gå opp trappene, men blir fort bedne om å snu for å gå ned. Nedover og nedover. Forbi søppelrom, lagerrom og nærmare og nærmare lukta av kjellar.

Til slutt stoppar vi nedst, der det for det meste er buer, noko tøy som heng til tørk og stablar av ting ingen andre treng. Mora trekkjer ein fillete gardin til sida, og viser oss inn på eit rom med tre madrassar. Her bur dei alle saman. Mor, far og seks søsken. Her enda flukta frå Syria og draumen om eit nytt liv etter krigen.

Støtte til mor og barn

I ni år har familien kome til helsesenteret vi driv saman

med partnarane våre, vi tok oss av mora då ho ikkje greidde å betale for seg på butikken. På helsesenteret har barna fått tett oppfølging, i tillegg til både vaksinar og medisinar.

– Livet er hardt, seier mora stille. Ho ønskjer å vere anonym. Slik dei bur er for skamfullt for henne å vise fram.

Helsesenteret har støtta mora gjennom fødslane, men også sytt for at dei har fått

pengar til mat, klede, bleier og hygieneartiklar.

– Vi hadde ikkje greidd oss utan, seier ho.

Familien på åtte er berre ein av mange familiar som slit i Libanon no. Prisane på mat har mangedobla seg, det offentlege tenestetilbodet har kollapsa, folk har mista sparepengane sine og fattigdommen aukar fort.

Kjønnsbasert vald har auka med 300 prosent, og vassmangelen er enorm. Landet er også hardt råka av Ukrainakrigen. I Libanon er det no ei femdobling av bensinprisane, firedobling av prisen på matolje og firedobling av prisane på brød og sukker sidan Ukrainakrigen braut ut.

I over 20 har Kirkens Nødhjelp drive helsesenter her, og Fady Iskandar, som er prest og samarbeidspartnar, seier at situasjonen for menneska her har forverra seg berre dei siste åra.

– Vi har ikkje sett byrjinga ein gong, problema har berre blitt større og større. Valden aukar, fattigdommen aukar og mange slit, seier han.

Kyrkja ligg rett over gata for helsestasjonen, og er syrisk ortodoks. St. Jacob er kjend for å ta imot minoritetar frå Syria, Irak og fattige frå Libanon.

– Vi vil diverre berre sjå fleire problem i framtida.

Aldri før har det vore viktigare at kyrkja og helsesenteret står saman. Kyrkja ser kven som har det ekstra tøft, og viser dei til helsesenteret, slik at dei får hjelpt der nøda er størst.

Vi skal snart feire jul og minnest den natta spedbarnet, Jesus, vart fødd inn i ei verd med konflikt, fattigdom og nød. Men sjølv om verda rundt var kaotisk, så var han trygt omringa av sine nærmaste. Mohamad er eit av dei barna som er omringa av sine nærmaste, sjølv om han vart fødd inn i den same verda som Jesus. Ei verd med konflikt, fattigdom og nød.



Oppdraget vårt er å hjelpe barn som Mohamad og liknande familiar. Saman med deg kan vi gje endå fleire barn og deira mødre, tilgang til hjelp under fødsel, vaksinar, pengar til mat, klede, bleier og hygieneartiklar.

slik gjev du årets viktigaste julegåve:

- Vipps eit valfritt beløp til 2426
- Send GAVE på sms til 2426 og gje 300 kroner

Gåvekonto: 1594.22.87248



Mariahelg for kvinner på Lyngmo

Set av helga 9.-10. mars 2024 - frå laurdag føremiddag ca kl. 11 til søndag etter middag.

Laurdag vert det tematime «Gå aldri åleine», inspirert av «Kristenvettregel nr 1» i ei bok av Stian Kjelde Aarebrot: «Å tru åleine, er som å halde liv i eit bål som består av éin vedkubbe.»

Vi har også fått med oss Sølvi Aemmer Hopland, songar,

musikar og fyrvertinne på Ulvesund fyr.

Som vanleg blir det god tid til prat, aktivitetar, tur, festkveld laurdag og gudsteneste søndag

Pris ca kr 1.500. Meir informasjon om program og påmelding kjem.

Helsing komiteen Greta Gard Endal, Cathrine Waage Tveit og Anne Nilssen Magerøy

Lokale til leige



Stedjetunet har lokale til leige til minnesamvær, dåpsselskap, konfirmasjon, bryllup og andre tilstelningar.

For informasjon om prisar, sjå www.stedjetunet.no



Printfarm

TRYKK DU BLIR GLAD I.

post@printfarm.no www.printfarm.no



Fossetunet 1 | 6856 Sogndal
Tlf: 57 67 65 40 | skjeldestad@kontorspar.no
www.kontorspar.no

alliance*
—
OPTIKK

Sogn Synssenter

Eit variert utval i alle prisklassar av
innfatningar, brilleglas, kontaktlinser
solbriller, kikkertar og lupar.

Tlf: 57 67 50 50



**ADVOKATFIRMAET
TOLLEFSEN**

Parkveien 5, 6856 SOGNDAL • Tlf. 57 62 88 50 • e-post: post@advokat-tollefsen

VANNES REVISJON OG REKNESKAP AS

Org. Nr. 912 406 326 MVA
Brattland 8
6899 Balestrand
900 15 991 - post@revisormhv.no

LEDIG
ANNONSEPlass



Optiker

Kjell M. Talleraas

6856 Sogndal • tlf. 57 67 11 10 • optikaren.no

**HOLLEKVE SAG
TRE- OG STÅLBYGG**

Telefon 90 11 67 83

KVAMME*REKNESKAP AS

Autorisert rekneskapsførarselskap
FJÆRLAND [57 69 12 03] – SOGNDAL [57 67 22 02]
laura@laurakv.no – 913 63 327



Byggmester

Ingmar Stenehjem

mob. 90 58 10 21 • tlf. 57 67 29 52
www.stenehjembygg.no

AMFI
SOGNINGEN



AMFI Mykje å gle seg til. Alltid.



NORDBOHUS SOGN
www.nordbohus.no/sogn



HOLEN INSTALLASJON AS

SOGNDAL • GAUPNE • LEIKANGER • VIK
www.holen-installasjon.no • Tlf. 57 67 75 00 • post@holen-installasjon.no



LINDBAK
SOGN OG FJORDANE

Tlf. 57 67 66 99
www.lindbak.no



solberg
el-service

Julehelsing til frivillige!

Det er mange som høyrer til i kyrkjelydane våre. Nokre går fast på gudstenester, og nokre kjem til kyrkje av og til. Andre att vert med på babysong, konfirmasjonsundervisning eller er til stades under andakt på sjukeheimen. Nokre les i kyrkjelydsbladet, og tenkjer kanskje at dei gjerne skulle ha vore meir med, men livet har førebels ikkje teke vegen innom kyrkjedøra.

Og så er det ein heil gjeng som på eit eller anna vis sorterer under kategorien frivillige. Anten fullt klar over det sjølv, eller hamna inn i kategorien. Motivasjonen kan være ulik, nokon brenn for oppgåva dei har, andre vart spurt og hamna inn i ei eller anna teneste. Andre igjen såg at det var dugnad på kyrkjegarden og tenkte at det var noko for dei.

Vegvisarar har eg tenkt, det er det alle dei frivillige er.

Ein velstelt kyrkjegard som fortel at denne staden er viktig, nokon har vore der og rydda vegen.

Menneske som står i døra når du kjem til kyrkje, kanskje for fyrste gong inn akkurat den kyrkjedøra.



Ein som besøker nokon som ikkje sjølv er i stand til å koma til kyrkja, og kan få fortelje frå til dømes lysmessa, korleis konfirmantane kom med lys inn i eit mørkt kyrkjerom.

Ein som hadde med ei kake til kyrkjekaffi, så folk fekk ein god anledning til å stogge att og dele siste nytt.

Ein som vaska golvet så det var reint til neste gong nokon kom.

Ei nattevakt på konfirmantleir. Ein trygg vaksen på «Lys vaken».

Ein som sat i ein komité som ingen viste om.

Ein som ba ei bøn.

Ein som berre var der.

Vegvisarar, det er det vi er på ulikt vis. Saman er vi plasserte på Guds veg som vegvisarar, gatelykter, autovern, trafikkskilt og vegarbeidarar. Alle på kvar vår plass, sånn at menneske kan finne vegen inn til krubba der verdas frelsar møter oss.

Takk for at du er med og viser veg.

Andreas Danbolt
Ungdomsprest

Har du lyst å vere med i kyrkja sitt arbeid som frivillig?

Ta kontakt med kyrkjekontoret eller soknediakon viss du har lyst å bidra med frivillig arbeid i kyrkjeleg regi i dei ulike sokna. Mange frivillige er til dømes tekstlesarar, kyrkjevartar, medhjelparar i barnearbeidet som babysong, samtalegruppe for eldre på omsorgssenteret og «Middag for alle»-grupper.

Gitte Th. Torstad, diakon



Velkommen til salmekveld i Stedje kyrkje, torsdag 15. februar kl 19.30.

Vi møtest og syng nye og gamle salmar i lag, og har utfordra nokre personar til å presentere sin salme. Kvelden vert leia av Kjell Sæter med Arild Slinde ved orgelet. Dalklang deltek. Vi håpar mange blir med oss og syng denne kvelden.

Årsfest for Norum kyrkjelyd

Årets årsfest i Norum sokn vert i Nortun ungdomshus søndag 3. mars kl.18.00

Støttespelarane våre:

Sogn
gravferdshjelp

GRAVSTEIN

Me kan hjelpe med skriftfornying, oppretting og rens av gravsteinar, på alle gravplassar i Indre Sogn.

57 68 14 77 • www.sogngravferdshjelp.no • post@sogngravferdshjelp.no



Telefon: 57 67 18 85

Opplæring klasse
A1-A-B-BE-T-M146

Trafikalt grunnkurs

E-post:
post@hofslundengen-trafikkskule.no

**EILERT & EDVIN
HOLME AS**



**ALT INNAN TØMRAR
OG BETONGARBEID**
KONTAKT OSS FOR TILBOD!



Vestlandshus
Vestlandshus Sogn AS • Tlf 57 67 33 88

**EL-PROFFEN
JOSVANGER**

Din lokale elektriker

post@josvanger.no 48 08 37 00 www.josvanger.no

RØYRLEGGJAR  
ingmar fimreite as
6856 Sogndal Tlf. 57 67 45 21 • mob. 905 00 331
www.fimreite.as

FS Anlegg as
www.fsanlegg.no

THARASO AS



**SOGN
KJØLESERVICE**

57 67 11 11

sognkulde.no



Man: 18.00 – 20.00
Tys og ons: 08.00 – 11.00
Tor og fre: 09.00 – 12.00
Tlf: 57 67 55 55 / 976 75 555



**KIWI mini
pris**

KIWI Hermannsverk
08-22 (20)

TRENG DU
NOKON Å FORTELJE
DET TIL?

 **KIRKENS
SOS**
22 40 00 40

Ætti i glede og sorg



Sjå sogndal.kyrkja.no for påmelding til dåp eller ta kontakt med kyrkjekontoret om moglege datoar for dåp og vigsel. Telefon 57 67 99 85

DØYPTE

FJÆRLAND

22.10.2023 Theo Bøyum-Halland Tveiten (frå Kvam)
22.10.2023 Ingerid Bolstad (frå Bolstadøyri)
22.10.2023 Zakarias Tjelle Øygard (frå Isfjorden)

KAUPANGER

24.09.2023 Bjarne Engeseter
29.10.2023 Elias Tenold Asperanden
29.10.2023 Eli Leirdal Skeistrand

LEIKANGER

17.09.2023 Emilie Haukadal Yttri (frå Gaupne)
01.10.2023 Johannes Sandal Eggum
15.10.2023 Elvira Vikøren (frå Vik)
15.10.2023 Olav Røysum Svanevik

NORUM – ØLMHEIM

03.09.2023 Miriam Flatland (frå Laksevåg)
07.10.2023 Anton Sætre Øyrehagen

STEDJE

17.09.2023 Asbjørn Austheim Endresen
17.09.2023 Alexander Øyre Johnsen (frå Leikanger)
08.10.2023 Noah Mikkelsen (frå Kaupanger)
08.10.2023 Ludvig Husdal Bø
08.10.2023 Ola Eggum
29.10.2023 Ragnar Hatlevoll Tuftene
29.10.2023 Johannes Aase Øksdal

VIGDE

STEDJE

07.10.2023 Anne Marte Lingjerde og Stian Hellebust

GRAVLAGDE

BALESTRAND-TJUGUM

20.10.2023 Anne-Lise Fjellvik Feten (Bisetjing) f.1950
27.10.2023 Johannes Edgar Sjøtun f.1954

FJÆRLAND

03.11.2023 Tordis Magna Reinen f.1944

KAUPANGER

31.08.2023 Marianne Olstad Bjørk* f.1966

LEIKANGER

12.09.2023 Odd Henning Kristiansen f.1970
19.09.2023 Oddny Tvinnereim f.1931
24.10.2023 Olaug Mo Knutsen f.1932
07.11.2023 Margrethe Andrea Greve Røysum f.1928

NORUM – ØLMHEIM

31.10.2023 Anna Viland f.1929

STEDJE

31.08.2023 Marianne Olstad Bjørk* f.1966
15.09.2023 Weronicha Buvik (Bisetjing) f.1975
21.09.2023 Ottar Norvald Lid f.1940
22.09.2023 Synniva Kvåle f.1933
22.09.2023 Atle Bondevik f.1935
26.09.2023 Anders Vigdal f.1929
28.09.2023 Astrid Hundere f.1936
20.10.2023 Rolf Dahl f.1947
09.11.2023 Jorunn Kristine Loftesnes f.1949

* Gravferdsseremoni i Stedje kyrkje, kista sett ned på Kaupanger kyrkjegard/Kaupanger gravlund

Takk for minnegåve

Fjærland sokneråd takkar hjarteleg for alle minnegåver som kom inn til Fjærland kyrkje i samband med Randi Bøyum si gravferd 25. august 2023.

Velkommen til gudsteneste

Desember 2023 – mars 2024

DESEMBER

Søndag 10. desember, 2. søndag i advent, preiketekst: Luk 21,27-36

Stedje kyrkje kl. 11.00: Gudsteneste

Ølmheim kyrkje kl. 16.00: Gudsteneste. Lysmesse med konfirmantane

Leikanger kyrkje kl. 19.00: Gudsteneste. Lysmesse med konfirmantane

Kaupanger stavkyrkje kl. 19.30: Gudsteneste. Lysmesse med konfirmantane

Søndag 17. desember, 3. Søndag i advent, preiketekst: Luk 3,7-18

Fjordtun oppvekstsenter kl. 11.00: Gudsteneste

Laurdag 23. desember, veslejulaftan, preiketekst: Luk 2,1-20

Balestrand helsetun kl. 11.30: Julegudsteneste

Søndag 24. desember, Julaftan og 4. s. i advent, preiketekst: Luk 2,1-20

Kaupanger stavkyrkje kl. 14.00: Gudsteneste på julaftan

Kaupanger stavkyrkje kl. 16.00: Gudsteneste på julaftan

Leikanger kyrkje kl. 12.00: Gudsteneste på julaftan

Leikanger kyrkje kl. 13.00 - 15.30: Open kyrkje på julaftan

Leikanger kyrkje kl. 16.00: Gudsteneste på julaftan

Stedje kyrkje kl. 14.00: Gudsteneste på julaftan

Stedje kyrkje kl. 16.00: Gudsteneste på julaftan

Sæle kyrkje kl. 14.00: Gudsteneste på julaftan

Tjugum kyrkje kl. 16.00: Gudsteneste på julaftan

Ølmheim kyrkje kl. 14.00: Gudsteneste på julaftan

Måndag 25. desember, Juledag, preiketekst: Joh 1,1-14

Leikanger kyrkje kl. 12.00: Høgtidsgudsteneste

Stedje kyrkje kl. 12.00: Høgtidsgudsteneste

Tjugum kyrkje kl. 12.00: Høgtidsgudsteneste

Fjærland kyrkje kl. 15.00: Høgtidsgudsteneste

Søndag 31. desember, Nyårsaftan, preiketekst: Joh 14,27

Stedje kyrkje kl. 16.00: Gudsteneste ved årets slutt

St. Olafs kyrkje kl. 23.15: Midnattsgudsteneste (ferdig ca. kl. 23.45)

JANUAR

Søndag 7. januar, Kristi openberringsdag, preiketekst: Luk 2,40-52

Leikanger kyrkje kl. 11.00: Gudsteneste

Tjugum kyrkje kl. 11.00: Gudsteneste

Søndag 14. januar, 2. søndag i openberringsstida, preiketekst: Mark 1,3-11

Ølmheim kyrkje kl. 11.00: Gudsteneste

Stedje kyrkje kl. 19.30: Fellesgudsteneste Kaupanger og Stedje

Søndag 21. januar, 3. søndag i openberringsstida, preiketekst: Joh 4,4-26

Stedje kyrkje kl. 11.00: Fellesgudsteneste Kaupanger og Stedje

Tjugum kyrkje kl. 11.00: Gudsteneste. Utdeling av bibel til 11-åringar.

Leikanger kyrkje kl. 19.00: Salmar og kaffi

Søndag 28. januar, Såmannssøndag, preiketekst: Mark 4,26-34

Stedje kyrkje kl. 11.00: Fellesgudsteneste Kaupanger og Stedje

Sæle kyrkje kl. 11.00: Gudsteneste

Fjærland kyrkje kl. 15.00: Gudsteneste

FEBRUAR

Søndag 4. februar, Kristi forklåringsdag, preiketekst: Mark 9,2-13

Stedje kyrkje kl. 11.00: Fellesgudsteneste Kaupanger og Stedje.

Utdeling av bibel til 11-åringar

Ølmheim kyrkje kl. 11.00: Gudsteneste. Utdeling av bibel til 11-åringar

Tjugum kyrkje kl. 11.00: Gudsteneste

Leikanger kyrkje kl. 17.00: Gudsteneste. Utdeling av bibel til 11-åringar

Søndag 11. februar, Fastelavnssøndag, preiketekst: Joh 12,20-33

Fjærland kyrkje kl. 11.00: Gudsteneste. Utdeling av bibel til 11-åringar

Stedje kyrkje kl. 19.30: Fellesgudsteneste Kaupanger og Stedje. Diakonien dag

Søndag 18. februar, 1. søndag i fastetida, preiketekst: Matt 16,21-23

Stedje kyrkje kl. 11.00: Fellesgudsteneste Kaupanger og Stedje

Tjugum kyrkje kl. 11.00: Gudsteneste

Søndag 25. februar, 2. søndag i fastetida, preiketekst: Luk 7,36-50

Stedje kyrkje kl. 11.00: Fellesgudsteneste Kaupanger og Stedje

Sæle kyrkje kl. 11.00: Gudsteneste

Leikanger kyrkje kl. 19.00: Fakkeltoggudsteneste. Oppmøte ved Husabø gravplass kl.19.00 og vandring/fakkeltog til Leikanger kyrkje.

MARS

Søndag 3. mars, 3. søndag i fastetida, preiketekst: Mark 9,17-29

Stedje kyrkje kl. 11.00: Fellesgudsteneste Kaupanger og Stedje.

Sprell levande gudsteneste

Tjugum kyrkje kl. 11.00: Gudsteneste. Diplom til minikonfirmantar

Søndag 10. mars, 4. søndag i fastetida, preiketekst: Joh 3,11-16

Stedje kyrkje kl. 11.00: Fellesgudsteneste Kaupanger og Stedje

Leikanger kyrkje kl. 11.00: Gudsteneste

Søndag 17. mars, Maria bodskapsdag, preiketekst: Luk 1,46-55

Stedje kyrkje kl. 11.00: Fellesgudsteneste Kaupanger og Stedje

Tjugum kyrkje kl. 11.00: Gudsteneste

Leikanger kyrkje kl. 19.00: Salmar og kaffi

Søndag 24. mars, Palmesøndag, preiketekst: Matt 26,6-13

Fjærland kyrkje kl. 11.00: Gudsteneste

Fjordtun oppvekstsenter kl. 11.00: Gudsteneste

Kaupanger stavkyrkje kl. 17.00: Gudsteneste med palmesøndagsvandring i forkant



Ei strime av von

Djupt i mennesket ligg vona. For sjølv om vi ikkje alltid greier å sjå det, ligg krafta likevel djupt i oss; den som gjer at vi prøver å reise oss, gå eit steg vidare, løfte hovudet.

Mange stader i verda møter ein denne jula med fråvær av von. I land som er råka av krig og ufred, i områda som er truga av miljøkatastrofar og dei som bur der er usikre på om det er ei framtid der - vi veit at det er mange menneske som møter julehøgtida med frykt og sorg, snarare enn med glede og von. Og likevel - framfor jula ber mange av oss på ei von midt i det vonlause. Vi vonar at jula blir god. Vi har tankar om korleis julefeiringa skal bli, og med ambisjonar om alt som skulle gjerast, alt som skulle ordnast av stort og smått. Men som vi kanskje ikkje kom heilt i mål med, og vi kjenner oss slitne. Ynsket om det perfekte vart ikkje oppfylt dette året heller.

Men er det noko den fyrste jula lærte oss, så var det at den ikkje var perfekt, i alle fall ikkje etter vår målestokk: Eit barn fødd i ein kald stall av ei ung, ugift mor, med dyr og ustelte gjetarar som dei fyrste gjestane. Nei, det kan vel på ingen måte seiast å ha vore perfekt.

Jula femner om både det djupt menneskelege og det guddommelege. Den no avdøde artisten og låtskrivaren Hans-Erik Dyvik Husby sa det ein gong slik: Det er ein menneskeleg ting å falle. Men det er ein guddommeleg ting å reise seg att. Det nyfødde barnet i krubba kom som ein vi kunne kjenne oss lik med, samstundes som han kom med oppreising og forvandling.

Dei to som no sit med barnet mellom hendene, Maria og Josef, som opplever dette underfulle og store dei knapt kan forstå, - dei sit med vona i fanget. For uansett kor merkeleg og usikkert alt må ha vore for dei, med eit barn som englane på himmelen seier er Guds son og med stjernetydande vismenn som seier at denne guten er ein konge; Maria og Josef har von for det nyfødde barnet!

Og sjølv om det meste i stallen og krubba i Betlehem er ulikt alt anna vi kan tenke oss; I dette er dei lik oss. For uansett kor vanskelege forholda er når eit barn blir fødd, om det er alt det usikre, krig, svolt, ufred eller vald; og uansett kor lite vi veit om kva framtida bringer og kor mykje frykt vi har for dagane som skal kome: Med eit nyfødd barn kjem von - om det så berre er ei lita strime. Og slik kjem Gud til oss. Som ei strime av von. Med ljøs i det aller mørkaste.

Jula er høgtida der vi feirar at vona vart gjeven til verda. Og at i den fyrste jula fekk verda del i budskapet som har kraft i seg til å setje fangar fri, løyse band og bringe menneske saman. Gud deler våre kår. Jesus er saman med oss i det vi alle har til felles: Å vere barn. Å vere menneske. Å vere avhengige av andre. Å sorgje, å kjenne glede. Å bere på ei von.

I stallens kulde og mørke spring vona fram. Det sårbare barnet i krubba synte seg sterkare enn all jordisk makt. Den fyrste jula var eit vendepunkt i menneskets historie. Jula er den meste løfterike av alle høgtider. Ljoset og vona er komne til verda.

Difor er det ein guddommeleg ting å reise seg att.

Ragnhild Jepsen
Biskop i Bjørgvin



Foto: Bjørgvin bispedømekontor